

# Brennhaug

Av Knut Raastad, 2017



Brennhaug gnr. 68 bnr. 7 ligg i Nordherad ovanfor Felleseelykkja. Reidar Valbjørsløkken kjøpte i 1946 jord frå Fellese gnr. 68 bnr. 1.

Reidar Valbjørsløkken f.1920 var frå nedre Valbjørsløkken, son til Jakob Valbjørsløkken f.1886 og Anne Lillesæter (Heidal) f.1890. Reidar vart 1947 gift med Marit Sæther (Gausdal) f.1925 dotter til Amund Ottosen Sæther f.1878 og Pauline Toftestuen f.1892. Reidar og Marit hadde 3 barn:

Björg f.1947, g.m. Asbjørn Almberg

Finn f.1949, g.m. Britt Jørgensen, g.2m. Ann Helen Søberg

Turid f.1953, g.m. Per Birger Aabakken f.1949

Erik Aabakken f.1975 overtok etter bestemora Marit Valbjørsløkken i 2012. Erik Aabakken er son til Turid f.1853 og Per Birger Aabakken.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandarkivet Vågå: familieark, avskrifter grunnbok, pantebøker mm.  
1881.no